



MØTEPROTOKOLL

Utval: Kommunestyret
Møtestad: 1. etg., Samfunnshuset i Volda
Dato: 25.02.2016
Tid: 15:50

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jørgen Amdam	Leiar	AP
Fride Schjølberg Sortehaug	Nestleiar	V
Hild Våge	Medlem	AP
Magnar Sunde	Medlem	AP
Margrete Trovåg	Medlem	AP
Uthman Abu Harbid	Medlem	AP
Bjørn Ytrestøyl	Medlem	AP
Odd Arne Folkestad	Medlem	FRP
Roald Arnold Espset	Medlem	FRP
Sindre Kvangarsnes	Medlem	FRP
Dan Helge Bjørneset	Medlem	H
Sindre Rotevatn	Medlem	H
Per Svein Krøvel	Medlem	H
Arild Iversen	Medlem	KRF
Margrete Bjerkvik	Medlem	KRF
Anders Egil Straume	Medlem	KRF
Henning Holsvik	Medlem	KRF
Erlend Koppen	Medlem	KRF
Erlend Krumsvik	Medlem	KRF
Øyvind Festø	Medlem	MDG
Odd Harald Sundal	Medlem	SP
Sølvi Dimmen	Medlem	SP
Gunnar Strøm	Medlem	SV
Åshild Vik	Medlem	SV
Benedikte Holmberg	Medlem	V

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jon Georg Dale	Medlem	FRP
Rebecca Riise Bjercknes	Medlem	SP

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Edvin Dale	Jon Georg Dale	FRP
Hans Peter Eidseflot	Rebecca Riise Bjercknes	SP

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Rune Sjurgard	Rådmann

SAKLISTE

Saksnr.	Sak
PS 15/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 16/16	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte
PS 17/16	Næringsareal på Rotset - Oreigning gnr. 30 bnr. 4 - klage
PS 18/16	Samferdselsutfordringar - Avtale med Gode Vegar AS
PS 19/16	Forslag til nytt inntektssystem- Uttale frå Volda kommune
PS 20/16	Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av desember 2015
PS 23/16	Permisjon frå politiske verv - Jon Georg Dale
PS 21/16	Kommunereforma - utviding av mandat
PS 22/16	Statleg ordning med auka lærartettleik i 1. - 4. klasse
PS 24/16	ORIENTERINGSSAKER
OS 5/16	Pressemelding: Kommunene i Møre og Romsdal vant fram i den Nasjonale Tvisteløsningsnemnda for helse og omsorgssektoren
OS 6/16	Melding om vedtak - Årsrapport 2015 Stamina Helse
OS 7/16	Oversending av endeleg rapport - tilsyn med rehabiliteringstenestene i Volda kommune 2015
OS 8/16	Årsrapport 2015 frå Arbeidsmiljøutvalet
PS 25/16	DELEGERTE SAKER FRÅ AVDELINGANE
DS 17/16	Mellombels bruksløyve Gbr 15/16 seksjon 2-6 og nr 8

DS 18/16	Ferdigattest Gbr 6/36
DS 19/16	Ferdigattest gbr 19/28
DS 20/16	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 18/340
DS 21/16	Løyve til tiltak, sløkkeanlegg Gbr 19/395
DS 22/16	Ferdigattest, tilbygg Gbr 17/32
DS 23/16	Mellombels bruksløyve Gbr 18/423/0/18
DS 24/16	Mellombels bruksløyve Gbr 21/152
DS 25/16	Ferdigattest, innreiing loft Gbr 30/369/0/11
DS 26/16	Løyve til tiltak, veg Gbr 111/3
DS 27/16	Løyve til tiltak, ombygging Gbr 19/153
DS 28/16	Løyve til tiltak, tilbygg Gbr 4/14
DS 29/16	Ferdigattest, fritidsbustad Gbr 6/37
DS 30/16	Ferdigattest, tilbygg Gbr 19/619
DS 31/16	Mellombels bruksløyve Gbr 18/423/0/23
DS 32/16	Mellombels bruksløyve seksjon 1 Heltnebøen 7 A, gbr 20/494
DS 33/16	Mellombels bruksløyve Gbr 18/423/0/22
DS 34/16	Løyve til endring Gbr 18/53
DS 35/16	Mellombels bruksløyve Gbr 18/423/0/24
DS 36/16	Ferdigattest Gbr 21/168

PS 15/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

Handsaming:

Innkalling

Innkalling med sakliste vart lagt ut på lesebretta og publisert på heimesida den 18.02.16.

Røysting:

Innkallinga vart samrøystes godkjent.

Ordføraren sa at møtet var lovleg sett.

Sakliste

Røysting:

Saklista vart samrøystes godkjent.

Seinare i møtet var det semje om at sak PS 23/16 skulle handsamast etter sak PS 20/16.

PS 16/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Handsaming:

Røysting:

Møteprotokollen frå førre møte den 28.01.16 vart samrøystes godkjent.

PS 17/16 Næringsareal på Rotset - Oreigning gnr. 30 bnr. 4 - klage

Tilråding i formannskapet - 09.02.2016 til kommunestyret:

- 1. Klage dat. 16.12.15 frå Per Schjelderup v/advokat Knardal på kommunestyret sitt vedtak i sak 123/15 vert ikkje komen i møte, med det kommunestyrt viser til grunngjevinga i saksutgreiinga nedanfor.*
- 2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.*

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.02.2016

- 1. Klage dat. 16.12.15 frå Per Schjelderup v/advokat Knardal på kommunestyret sitt vedtak i sak 123/15 vert ikkje komen i møte, med det kommunestyrt viser til grunngjevinga i saksutgreiinga nedanfor.*
- 2. Saka vert sendt Fylkesmannen i Møre og Romsdal til endeleg avgjerd.*

PS 18/16 Samferdselsutfordringar - Avtale med Gode Vegar AS

Tilråding i formannskapet - 09.02.2016 til kommunestyret:

- 1. Volda kommune gjer avtale med Gode Vegar AS om hjelp i arbeidet med å fremje gode samferdsleløyisingar for kommunen/regionen, i samsvar med forslag til avtale i vedlegg 2 i denne saka.*
- 2. Kostnaden for Volda kommune, kr. 100.000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost slik: 12700-1550-285-151650.*

Handsaming:

Odd A. Folkestad, FRP, kom med fylgjande framlegg:

Volda kommune har fleire viktige saker/prosjekt der ein konkurrerer om prioritering i t.d. Nasjonal Transportplan/NTP - i første rekkje gjeld dette bygging av Voldatunnel. Det vert utpeikt ei gruppe på 3 personar som får vide fullmakter til å drive alt naudsynt påverknadsarbeid i denne samanheng - mot offentlege organ og politiske myndigheiter. Gruppa vert lagt direkte under formannskapet. Gruppa består av: Ordførar, eit anna medlem frå formannskapet og Rådmannen. Drift av denne gruppa vert å finansiere frå formannskapet sin reservepost.

Sølvi Dimmen, SP, kom med fylgjande framlegg som nytt pkt. 3 i formannskapet si tilråding:

Forslag til Tilleggspunkt i arbeidsområde

Vi ber om at det vert spesifisert i avtalen at vårt mål er å få Voldatunnelen inn i NTP i perioden som starter i 2018.

Erlend Krumsvik, KRF, kom fylgjande framlegg:

Saka vert sendt tilbake til administrasjonen for grundigare utgreiing.

Røysting over utsettingsframlegget:

Framlegget frå Erlend Krumsvik fekk 10 røyster og fall. 17 røysta mot.

Røysting:

Framlegget frå Odd A. Folkestad fekk 13 røyster og fall. 14 røysta mot.

Tilrådinga frå formannskapet fekk 17 røyster og vart vedteke. 10 røysta mot.

Framlegget frå Sølvi Dimmen vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Kommunestyret - 25.02.2016

- 1. Volda kommune gjer avtale med Gode Vegar AS om hjelp i arbeidet med å fremje gode samferdsleløysingar for kommunen/regionen, i samsvar med forslag til avtale i vedlegg 2 i denne saka.*
- 2. Kostnaden for Volda kommune, kr. 100.000, vert dekt av formannskapet sin disposisjonspost slik: 12700-1550-285-151650.*
- 3. Forslag til Tilleggspunkt i arbeidsområde*

Vi ber om at det vert spesifisert i avtalen at vårt mål er å få Voldatunnelen inn i NTP i perioden som starter i 2018.

PS 19/16 Forslag til nytt inntektssystem- Uttale frå Volda kommune

Tilråding i formannskapet - 09.02.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret viser til kommentarane i saksutgreiinga. Volda kommune ser med uro på regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem ved at stadig større andel av driftsulempene i tenesteytinga vert definert som frivillige kostnader.

Volda kommune vil særskilt presisere behovet for at staten ivaretek minsteinntektskommunane og held fast på dagens forhold mellom skatt og ramme (skatteandel).

Vidare vil Volda kommune særskilt presisere at eingongstilskot og reformtilskot i samband med kommunereforma ikkje skal gå på bekostning av framskriving av dagens nivå på inntektsoverføringa til kommunesektoren.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.02.2016

Kommunestyret viser til kommentarane i saksutgreiinga. Volda kommune ser med uro på regjeringa sitt framlegg til nytt inntektssystem ved at stadig større andel av driftsulempene i tenesteytinga vert definert som frivillige kostnader.

Volda kommune vil særskilt presisere behovet for at staten ivaretek minsteinntektskommunane og held fast på dagens forhold mellom skatt og ramme (skatteandel).

Vidare vil Volda kommune særskilt presisere at eingongstilskot og reformtilskot i samband med kommunereforma ikkje skal gå på bekostning av framskriving av dagens nivå på inntektsoverføringa til kommunesektoren.

PS 20/16 Rapportering på oppfølging av vedtak pr. utgangen av desember 2015

Tilråding i formannskapet - 09.02.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret tek rapporten til orientering.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.02.2016

Kommunestyret tek rapporten til orientering.

PS 23/16 Permisjon frå politiske verv - Jon Georg Dale

Tilråding frå Valnemnda - 25.02.2016 til kommunestyret:

- 1. Jon Georg Dale får innvilga permisjon medan han fungerer som statsråd.*
- 2. I permisjonstida vert Edvin Dale valt som tredje vara i formannskapet.*
- 3. I permisjonstida vert Lars Barstad valt som tredje vara i forvaltningsstyret.*
- 4. Edvin Dale rykkjer opp som fast representant i kommunestyret for Framstegpartiet, medan Jon Georg Dale har permisjon.*
- 5. Jenny Venås rykkjer opp som 1. vararepresentant i kommunestyret, medan Jon Georg Dale har permisjon.*

Handsaming:

Leiaren i valnemnda, Hild Våge, refererte tilrådinga frå valnemnda som hadde møte i ein pause.

Røysting:

Tilrådinga frå valnemnda vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.02.2016

- 1. Jon Georg Dale får innvilga permisjon medan han fungerer som statsråd.*
- 2. I permisjonstida vert Edvin Dale valt som tredje vara i formannskapet.*
- 3. I permisjonstida vert Lars Barstad valt som tredje vara i forvaltningsstyret.*
- 4. Edvin Dale rykkjer opp som fast representant i kommunestyret for Framstegpartiet, medan Jon Georg Dale har permisjon.*
- 5. Jenny Venås rykkjer opp som 1. vararepresentant i kommunestyret, medan Jon Georg Dale har permisjon.*

PS 21/16 Kommunereforma - utviding av mandat

Tilråding i formannskapet - 09.02.2016 til kommunestyret:

Kommunestyret syner til K-sak 760/15 pkt. 3. Det vert vidare synt til møte mellom ordførarane i Volda, Ørsta, Hornindal og Stryn.

Under føresetnad av at kommunestyra i Hornindal og ev også Stryn gjer initiativ overfor Volda og/el. Ørsta, vedtek kommunestyret at mandatet i pkt. 3 i ovannemnde sak vert utvida til også å gjelde forhandlingar om intensjonsplan med desse kommunane. Mandatet dekkjer både forhandlingar om mogleg samanslåing, og i alle høve samarbeid for å utvikle regionen med visjon om å kunne ta ein posisjon mellom Ålesund og Førde.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.02.2016

Kommunestyret syner til K-sak 760/15 pkt. 3. Det vert vidare synt til møte mellom ordførarane i Volda, Ørsta, Hornindal og Stryn.

Under føresetnad av at kommunestyra i Hornindal og ev også Stryn gjer initiativ overfor Volda og/el. Ørsta, vedtek kommunestyret at mandatet i pkt. 3 i ovannemnde sak vert utvida til også å gjelde forhandlingar om intensjonsplan med desse kommunane. Mandatet dekkjer både forhandlingar om mogleg samanslåing, og i alle høve samarbeid for å utvikle regionen med visjon om å kunne ta ein posisjon mellom Ålesund og Førde.

PS 22/16 Statleg ordning med auka lærartettleik i 1. - 4. klasse

Tilråding i Driftsstyret - 10.02.2016 til kommunestyret

Kommunestyret tek til vitende at Volda kommune ikkje er kvalifisert til den statlege ordninga med auka lærartettleik i 1. – 4. klasse.

Handsaming:

Røysting:

Tilrådinga frå driftsstyret vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Kommunestyret - 25.02.2016

Kommunestyret tek til vitende at Volda kommune ikkje er kvalifisert til den statlege ordninga med auka lærartettleik i 1. – 4. klasse.

PS 24/16 Orienteringssaker

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til orienteringssakene.

PS 25/16 Delegerete saker frå avdelingane

Handsaming:

Røysting:

Ingen hadde noko å merke til dei delegerete sakene frå avdelingane.

Møtet slutt kl. 17:20.

Rett utskrift,
Volda kommune, servicekontoret
26.02.2016

Unni Strand

